

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 15.05.23

SAKSHANDSAMAR: Ernst Hetland Larsen

SAKA GJELD: **Leiinga sin gjennomgang av IKT tryggleik**

STYRESAK: 36/23

STYREMØTE: 25.05.23

1 vedlegg - vedlegget er unntatt offentlig med heimel i offl. § 24, ledd nr. 3

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar leiinga sin gjennomgang av informasjonstryggleik til vitande

Bakgrunn for saka

Gjennomgangen av informasjonstryggleik er ein kontroll av status på tryggleiksnivået innan IKT i Helse Fonna, og om denne er i samsvar med føretaket sine behov og lovpålagte krav. Informasjonssikkerhetsleiar i føretaket utarbeider ein rapport årleg.

I oppsummeringa konkluderer sikkerhetsleiar med at det er ikkje rapportert alvorlege hendingar der person- og helseopplysningar har komme på avvege, men at det er registrert auke i rapporterte avvik og fleire av desse peikar på mindre eller større svikt i sentrale og IKT-løysingar for pasientbehandlinga, og dessutan manglande skjerming av pasient-/personopplysningar.

Organisering av informasjonssikkerheit og personvern fungerer godt for Helse Fonna HF og samhandlinga mellom informasjonssikkerheitsansvarleg og personvernombod er god. Den auka aktiviteten utfordrar prioritering og saksbehandlingstid.

Informasjonssikkerhetsleiar tilrår følgjande for 2023:

- Halda fram arbeidet med NSMs grunnprinsipp for informasjonssikkerheit.
- Bestilla skanning av medisintekniske- og tekniske-nettverk for å avdekkja sårbarheiter.
- Halda fram samarbeidet med medisinsk-teknisk avdeling med deltaking på MU-innkjøp, utarbeiding av databehandlaravtalar og generell rådgiving.
- Fortsette arbeide med å avdekkja og retta opp i potensielle sårbarheiter i utdaterte system.
- Halda fram med å planleggja aktivitetar for å styrkja kompetanse og kunnskap om informasjonssikkerheit og personvern for alle tilsette i Helse Fonna HF. Me må heva andelen tilsette som utfører kursa.
- Utføre risikovurdering og beredskapsøving i total bortfall av IKT.
- Innføra og synleggjera nytt styringssystem for informasjonssikkerheit og personvern.